

Fra: Gudrun Mathisen (Gudrun.Mathisen@hfk.no)
Sendt: 22.04.2014 12:09:58
Til: Einar Aalen Hunsager
Kopi:

Emne: VS: Innspel til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 frå Granvin herad
Vedlegg: bygg.no-Hvordan_kan_vi_bygge_fremtidens_veier_grnne.pdf

Fra: Regionalavdelinga - Postmottak
Sendt: 16. april 2014 09:28
Til: Gudrun Mathisen
Emne: VS: Innspel til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 frå Granvin herad

Fra: Ebbe Dam Meinild [<mailto:Ebbe.D.Meinild@granvin.kommune.no>]
Sendt: 10. april 2014 15:19
Til: Regionalavdelinga - Postmottak
Kopi: Ingebjørg Winjum
Emne: Innspel til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 frå Granvin herad

Hordaland fylkeskommune
Pb 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.: Vår ref.: 14/69-16 Arkivkode: K1-000 Dato: 10.04.2014

Innspel til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 frå Granvin herad

Ein klimaplan må, og bør, famne eit breitt spektrum av område og tema. Sjølv om klimamål er styrande involvera dette mange fagfelt. Eg ønskjer særleg rette merksemda mot eit område eg meiner er underkommunisert i klimasamanheng:

Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttige føremål.

- Granvin herad har dei seinaste åra hatt 4 reguleringsplanar om vegtunnellar (på rv13 og fv7). Bruken av overskotsmassar frå desse anlegg har i liten grad vore problematisert av offentlege planleggjarar og tiltakshavarar, også i dei tilfelle Hordaland fylkeskommune står som vegeigar. I fleire tilfelle er tipping i sjø einaste regulerte alternativ. Ansvar vert då i praksis overført til entreprenøren utan økonomisk incitament til vidare oppfølging.
- Det vert for snevert å visa til økonomiske utgifter (transport) i anleggsperioden. Dette er langtidshaldbart materiale. Kanskje dei kunne nyttast i framtidige offentlege prosjekt? Eit klimaperspektiv er langsiktig og tematisering av dette er difor sær relevant her: Samfunnsnyttig bruk av kortreiste massar må sjåast uavhengig av dei enkelte prosjektrammar.
- Eg vedleggjar artikkelen «Hvordan kan vi bygge fremtidens veier grønne» (Ståle Rød, Skanska Norge – Bygg.no 10.03.14) som tematiserar vegbygging og etterbruk av massar i eit klimaperspektiv.
- Hordaland fylkeskommune arrangerte 16.01.14 ein plannettverkssamling med tema om uttak av mineralske ressursar og byggjeråstoff – planlegging og forvaltning. Her vart det gjort klart at Hordaland importera byggjeråstoff til tross for eit stort overskot frå anleggsaktivitet.

Eg føreslår difor eit tillegg i kap 5.3.STATEGIAR FOR AREAL OG TRANSPORT:

Strategi E: Bærekraftige anleggsprosjekt med fokus på utnytting av overskotmassar/mineralske ressursar.

Med helsing

Ebbe Dam Meinild
Plan- og miljøsjef
Direkte innval: 56524035

Beste helsing

Ebbe Dam Meinild
Plan og Miljø
Granvin Herad
56524035 / 40403871